

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

**Møtestad:** Sommarkafeen i Stardalen

**Dato:** 12.10.2015

**Tidspunkt:** 9:00 - 10:30

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på e-post eller tlf. 57 64 31 37 / 93 66 42 56.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Etter styremøtet vert det møte med fagleg rådgjevande utval (FRU) frå om lag 10:30 til 15:30. Det vert servert drikke og frukt ved møtestart, og varm lunsj rundt kl. 12. Saksliste og informasjon om møtet er sendt i eigen e-post.

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 20/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 21/15	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll		
ST 22/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om å bygging av ny sikringshytte ved Skålatårnet		2013/3607
RS 4/15	Orienteringar		

**ST 20/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 21/15 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll**

Arkivsaksnr: 2013/3607  
Saksbehandlar: Maria C. Knagenhjelm  
Dato: 24.6.2015

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	22/15	12.10.2015

## Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om bygging av ny sikringshytte ved Skålatårnet

### Innstilling frå forvaltar

I medhald av forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark, datert 25.10.1991, punkt 1.3, første ledd, gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Bergen turlag for bygging av ei sikringshytte ved Skålatårnet i Loen. Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

1. Ei ny sikringshytte på Skåla skal være godt tilpassa landskapet på staden, og følgje eitt av dei følgjande alternativa for å oppnå dette:
  - a. Bygge den nye sikringshytta på den omsøkte plasseringa, men bygge den godt ned i bakken. Den bør då ikkje stikke opp vesentleg høgare enn dagens sikringsbu. Innvendig golv vil, i bakkant, truleg måtte ligge nærmare 2 meter ned i bakken, mens inngangsdøra mot aust vil måtte vere på dagens bakkenivå.
  - b. Trekke ei ny sikringshytte lenger aust/nord-aust. Det treng ikkje være mykje meir enn 20 meter austover for å unngå konkurransen med tårnet om horisonten. Den må likevel byggjast godt inn i bakken, men ikkje like djupt som i alternativ a. I dette tilfellet vil den eksisterande sikringsbua, med støypesåla, måtte fjernast.
  - c. Bygge den nye sikringshytta på den omsøkte plasseringa, men utelate (eller vesentleg redusere høgda på) hemsan. Sikringshytta skal ikkje være vesentleg høgare enn dagens sikringsbu.
2. Sikringshytta på Skåla skal sjå ut som omsøkt, med maksimal grunnflate på 88 m<sup>2</sup>. Dersom det vert vesentlege avvik på fasaden jf. søknaden, må Bergen turlag søkje spesifikt om dette. Det vert ikkje gitt løyve til den dominerande vindmålaren på toppen av bygget.
3. På taket kan det nyttast skifer, plank, eventuelt same taktekking (takpapp/-shingel) som på Skålatårnet. Utvendig kledning på sikringshytta skal ha same grånyanse som

omgjevnaden på staden (i sommarhalvåret). Vesentlege delar av nord- aust og vestveggen som stikk opp av bakken bør være forblenda med stadeigen stein.

4. Bergen turlag skal lage ein plan for korleis Skålatårnet skal stengjast av i den kalde årstida, og sende denne til nasjonalparkstyret. Tårnet må likevel være tilgjengeleg som «sikringshytte» for sikringshytta i tilfelle brann eller liknande, og må såleis kunne opnast ved krise.
5. Overnattingsfasilitetane på Skåla skal ha same DNT-status som tidlegare, altså sjølvbetent hytte.
6. I driftsfasen av den nye sikringshytta skal nivået på motorferdsel ligge om lag på dagens nivå.
7. Dersom sikringshytta av eller av ei eller anna årsak mister sin funksjon eller blir øydelagt, har tiltakshavar også ansvar for å fjerne den (§ 11).
8. Bergen turlag må søkje om løyve til motorferdsel for byggeperioden i eiga søknad. Søknaden må ha gode utrekningar på tal hiv og estimere om lag når det er aktuelt å fly. Søknad om motorferdsel må også sendast Stryn kommune.
9. Dersom det kjem fram gjenstandar eller konstruksjonar i samband med graving, må arbeidet stansast og fylkeskonservatoren få melding, slik at det kan gjennomførast granskning på staden, jf. kulturminneloven, § 8 andre ledd.
10. Reint trevirke kan kappast opp og brukast som ved. Anna bygningsavfall må flygast ned frå fjellet og leverast til godkjent mottak (også betong).
11. Ved vesentlege endringar i byggeprosjektet skal nasjonalparkstyret bli underretta. Dette gjeld framdrift, grunnforhold, fasade og anna.
12. Byggjearbeid skal vere avslutta og plassen rydda for byggeavfall innan 1. november 2018.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre føreset at Bergen turlag har dialog og sikrar gode privatrettslege avtalar med grunneigarane som eig det aktuelle arealet som skal nyttast til sikringshytte. Sekretariatet vil påpeike at den nye sikringsbua kanskje så vidt vil komme borti statsallmenningen, og må difor også ha klare avtaler med Statsskog.

Nasjonalparkstyret føreset også at Bergen turlag søkjer og får alle naudsynte løyve frå Stryn kommune.

## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- Søknad frå Bergen turlag datert den 25. august 2015 (med vedlegg i form av prosjektskildring, perspektivteikningar, teikningar med plan, snitt og fasade, og dronebilete med film).

- Søknad frå Bergen turlag datert den 5. desember 2014.
- Referat frå møte 11. februar 2015, frå møte 3. september 2013, og frå møte 4. mai 2011.
- Uttale frå kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ Knut Åland (gjengitt i referat frå 3. sept. 2013, samt munnleg i 2015).
- Synfaring med Statens naturoppsyn, Bergen turlag og entreprenør haust 2015, samt tidlegare synfaringar på staden.
- Brev frå Klima- og miljødepartementet datert 02.03.2015 med retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfoldlova § 48.

Dokumenta lista opp ovanfor ligg tilgjengeleg på heimesida til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre på følgjande adresse:

<http://nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen/Nasjonalparkstyret/Styredokument/Sakspapir--saksframlegg/2015/>

#### Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplan med tilhøyrande kart for Jostedalsbreen nasjonalpark, frå 1994


#### Søknaden

Søknaden gjeld dispensasjon frå verneforskrifta for å bygge ei sikringshytte ved sidan av Skålatårnet over Loen i Stryn kommune.

Bergen Turlag eiger Skålatårnet, og har i mange år hatt omfattande vedlikehald, både utvendig og innvendig. Det er ei stor auke av folk som går på tur i området, og særleg vinterturismen har auka mykje. Bakgrunnen for behovet for ein ny sikringshytte på Skåla er først og fremst:

- ivaretaking av Skålatårnet som kulturminne, spesielt på vinterstid
- lovpålagt krav etter Plan- og bygningsloven å ha reservebyggverk som kan nyttast ved brann, gasslekkasje e.l. når eit overnattingsstad ligg avsidesliggande til.


Søknaden gir ei grundig utreiing om historikk, bakgrunn for det planlagde tiltaket, prosjektskildring og grundige visuelle skisser, samt dronebilete teke sommaren 2015.





Skålatårnet ligg på fjellet Skåla, 1848 moh., og er eit særige bygg og viktig både som turisthytte, kulturminne og turistattraksjon. Det stod ferdig i 1891 og var meint å huse både tuberkuløse og turistar. Tidleg på 1900-talet overtok Turistforeningen for Bergen by og stift, som seinare vart en del av Bergen og Hordaland turlag, eigarskapet. Tårnet har om lag 23 sengeplasser og vert drive etter sjølvbetjent-konseptet, der folk må ordne seg sjølve – tenne på i omnen, hente snø for å smelte til vatn, lage mat og vaske ut hytta. Det er ikkje booking, og barn og gamle har fortrinnsrett til seng, og det er ikkje forventa at alle som ønskjer skal kunne få ei seng å sove i høgsesongen. I følgje Bergen turlag skal også sikringshytta drivast etter same konsept.

Steinmurane i Skålatårnet er 1,25 meter tjukke. Når folk kjem til hytta ønskjer dei aller fleste å fyre opp i omnen, det blir elles fort kaldt heile året oppe i denne høgda. Med stadig oppvarming vert det danna mykje kondens inne i tårnet. Snø og is på tak og veggar tinar også og murane får stadig tilført vatn som fryser. Frostsprenginga skaper sprekker i murane. Bergen turlag har gjort omfattande og kostbart vedlikehald i fleire år, og ventar at det må fortsette dersom ei avlastingshytte ikkje vert realisert. Problemet har blitt større i seinare tid på grunn av ei solid auke i besøk og overnatting vinterstid som følgje av at mange går på toptur på ski.

Her er planteikningane til den omsøkte sikringshytta:





Bygget er planlagt å ha ein grunnflate på 88 m<sup>2</sup> og skal tilby 25 senger, inkludert hems. Hemsen er 48 m<sup>2</sup> stor. Sikringshytta skal innehalde opphaldsrom med kjøkken, fire toalett (to skal være avlåst grunna kompostering), lagerareal og eitt rom for hyttevert. Utgangspunktet er at hytta skal ha ein vindsterk form, der takflatene vert trekt ned mot terrenget og skal redusere påkjenninga frå sterk vind. Avløp frå kjøkken og ev. vaskerom, samt drenasjerør frå gassen under kjøkkenbenken vert lagt med fall ut i terrenget mot sør.

Arbeidet er tenkt å starte sommaren 2016. For å begrense perioden med støy og forstyrning må arbeidet slutføres i løpet av tre sommarsesongar.



## Lovgrunnlag


Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er, i forskrifta datert den 25. oktober 1991, omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, m.a. oppsetjing av bygningar, (...), graving og påfylling av masse, sprenging og boring, (...), bakkeplanering (...). (verneforskrifta § IV, punkt 1.1). Forvaltningsstyresmakta kan, når særlege grunnar ligg føre, gje løyve til å byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar (...). Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området. Det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter punkt 1.3. (verneforskrifta § IV, punkt 1.3).

I forvaltningsplanen for nasjonalparken frå 1994 er turlagshytter omtalt på følgjande måte (side 48 og 49): *Ingen hytter ligg inne på sjølve breplatået. Skålatårnet (1840 moh) og Steinmannen (1635 moh, stengt for ålmenta) er dei hyttene som litt høgst og lengst inn mot breen. (...) At breplatået er fri for hytter er ein føresetnad for å kunne halde på villmarkspreget som breplatået har i dag. Det er difor ikkje aktuelt å gje dispensasjon for bygging av turlagshytter og andre hytter på og like ved breplatået.* Forvaltningsplanen lister opp aktuelle stader, til dømes Flatbrehytta og DNT-hytta på Bødalsseter, som aktuelle stader som vil kunne få løyve av forvaltningsmyndet til ei eventuell utviding. Sikringshytte ved Skålatårnet er ikkje nemnt på denne lista. Det står elles i forvaltningsplanen: *Privat hyttebygging (fritidshytter) i nasjonalparken vil ikkje bli tillate (...). Alle nybygg, utvidingar og vedlikehald skal vere i tradisjonell og lokal byggeskikk.*

I kartet vedlagt forvaltningsplanen er området langs den merka stien opp til Skåla, samt området Fosdalen og nærmaste areal rundt tårnet definert som «brukssone» (sjå utsnitt frå kart). Brukssone er, jf forvaltningsplanen side 31, område der ein del tiltak og inngrep kan tillatast, som merking av stiar og bygging av turlagshytter innafør eit planlagt rutenett (...).



I brev frå Klima- og miljødepartementet datert den 2.3.2015 ønskjer dei å skissere ei tilnærming for vurdering av presedens i byggesakar i verna område. Brevet omhandlar byggesøknadar som vert vurdert etter naturmangfoldlova § 48. Forvaltar vurderer brevet likevel som relevant også i saka om sikringshytte på Skåla, sjølv om eit ev byggjeløyve vert gitt frå nasjonalparkstyret etter verneforskrifta, og ikkje naturmangfoldlova. Departementet skriv i brevet mellom anna at *Presedensvurderingen bør være så konkret som mulig. Presedensfaren skal være reell og ikke hypotetisk. En konkret presedensvurdering vil bidra til likebehandling og ivareta hensynet til rimelighet. Dette vil øke forståelsen for verneforvaltningen. Vurderingen av presedensvirkninger knytter seg for det første til sannsynligheten for at lignende tiltak vil fremmes i fremtiden.*

I brevet frå departementet spør dei vidare om det er spesielle forhold ved enkelte tiltak som er meir viktige for ei positiv vurdering, mellom anna plasseringa av eit ev bygg i landskapet: *Hvis bygningen for eksempel plasseres bak en knaus, i en dump eller skjult av skog eller annen vegetasjon, vil dette kunne skille bygningen fra andre bygninger som er plassert mer synlig i landskapet. Det vil også medføre at konsekvensene av tiltaket er mindre enn om bygningen plasseres på en bakketopp eller i åpent lende.*

Eit anna moment i brevet er knytt til spesielle omsyn/behov for eit byggjetiltak. *Hvis søker har spesielle behov for å gjennomføre tiltaket, kan dette skille saken fra andre lignende saker og dermed redusere faren for presedensvirkninger. Det kan være at eksisterende bygningsmasse er særlig liten og ikke dekker normale funksjoner for en hytte (...)*

Departementet skriv at verneføremålet alltid må leggjast stor vekt på i vurderingar kring byggesakar.

I tråd med naturmangfoldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

### Behovet for sikringshytte

Behovet for sikringshytte ved Skålatårnet har eksistert lenge. Saka begynte før nasjonalparkstyret vart konstituert i 2011, og det har vore dialog mellom Bergen turlag og nasjonalparkstyret sidan oppstarten av planlegginga. Det har vore fleire møte undervegs dei siste fire åra, der også grunneigarar, fylkeskommune, kommune, Skålas venner, med fleire, har vore invitert. Bergen turlag søkte med eit sett teikningar i 2014, men etter vurderingar den gang kring m.a. utsjånad og plassering av sikringshytta, vart Bergen turlag oppmoda til å søkje på nytt.

Det er ein høg terskel for nybygg i verna område i Noreg, og det skal leggjast fram tungtvegande grunnar før vurdering. Dei primære årsakene til behovet for sikringshytte er:

1. Skålatårnet er eit gammalt og særmerkt kulturminne som står i fare for gradvis forringing dersom dagens, og morgondagens, bruk held fram.

2. Lovpålagt krav etter Plan- og bygningsloven å ha reservebygg som kan nyttast ved brann, gasslekkasje e.l. når ein ålment tilgjengeleg overnattingsstad ligg så avsidesliggande til. Dagens sikringsbu er på 17 m<sup>2</sup> og dekker ikkje dette kravet.

Ein tredje årsak kan ein også finne i den store graden av tilrettelegging som nasjonalparkstyret har lagt opp til dei siste åra (nml § 10). Med den flotte tilrettelagte Skålastien har området fått mykje positiv merksemd, og trekt mange interesserte friluftsfolk til Loen-området. Arrangementet Skåla Opp har fått tusenvis av mosjonistar til området, og Skålatårnet har også blitt kåra til landets mest originale hytte. Bergen turlag skriv at i 2014 registrerte dei 90% fleire overnattingar enn året før, med opptil 60 (!) personar pr. natt.

Forvaltningspraksis frå andre stader

Forvaltningspraksis frå andre verneområde viser at det er gitt løyve til bygging av sikringsbuer ved overnattingsstader langt frå folk. Det har ikkje vert gitt løyve til dette viss føremålet med bygginga var å auke den generelle overnattingskapasiteten.

Då turisthytta Besso i Hardangervidda nasjonalpark søkte Fylkesmannen i Hordaland om utviding av sikringshytta si i 2013 frå 31 m<sup>2</sup> til 117 m<sup>2</sup>, fekk dei løyve til å bygge hytta med 65 m<sup>2</sup> grunnflate. Den skulle sikre 40-50 menneske ein sikker plass å vere i tilfelle brann eller liknande. Dei la då til grunn 1,3 m<sup>2</sup> pr sengeplass, eit utgangspunkt som har vore brukt på fleire sikringshytter i området.

Dersom dette arealet hadde vore lagt til grunn i vurderinga på Skåla, ville ei sikringshytte ved sidan av tårnet ha vore 26 m<sup>2</sup>. Forvaltar vurderer dette som urealistisk og ueigna i dette tilfellet. Då ville framleis tårnet være den «primære» hytta som folk skulle ha overnatta i, og sikringshytta ville utelukkande ha vore ei nødbu. Når eit primært behov nettopp er å avlaste tårnet (og stenge det av i den kalde årstida), ville ikkje ei slik lita nødbu ha oppfylt dette behovet.

Når Skålatårnet har om lag 23 sengeplassar i dag visar forvaltningspraksis frå andre stader at det same tal sengeplassar har vore gitt løyve til ved bygging av sikringshytte. Når føremålet for bygginga er avlasting for tårnet vinterstid, bør det kunne løyvast det same tal sengeplassar. Bergen turlag sine skisser viser 23 sengeplassar, pluss plass til tre overnattande personar på benkane i opphaldsrommet. Med eit slikt tal sengeplassar er det mogleg for ei skuleklasse å overnatte.

Vurderingar kring presedens, jf. brevet frå departementet

I brevet frå departementet ønskjer dei vurderingar kring

- konkret presedensfare,
- plassering i terrenget,
- samt andre spesielle behov som bør tale for ei ev. positiv handsaming.

Når det gjeld faren for presedens i vårt eige verneområde vurderer nasjonalparksekretariatet den til å være relativt liten. Av andre hytter i nasjonalparken som er opne for ålmenta i eit større omfang, har vi t.d. Flatbrehytta. Den består allereie av steinhytta og den raudmåla hytta, der den eine vil kunne være sikringshytte for den andre i tilfelle brann e.l. Andre tilgjengelege hytter, til dømes Vetledalsseter og Bødalsseter, ligg på stølsvollar, og har såleis

andre bygningar å «rømme» til ved akutt behov. Nasjonalparksekretariatet vurderer på eit generelt plan at nødbuer, slik som Kvannebakbu og Flatsteinbu, ikkje har same trong til sikringshytte.

Når det gjeld plassering i terrenget skal Skålatårnet framleis være det dominerande elementet som stikk opp over horisonten for turgårarar som kjem oppover fjellet. Det er essensielt at ei sikringshytte såleis ikkje skal stikke opp av horisonten, og leggjast så lågt i terrenget som praktisk mogeleg. Tårnet er faktisk synleg frå store delar av Stryn der ein kan sjå fjellet Skåla, og ei sikringshytte må ikkje være synleg på same måte. For å kunne vurdere i kor stor grad sikringshytta er «tilpassa landskapet på staden» er materialbruk også eit viktig element. Meir om tilpassing i landskapet vert vurdert seinare i saksutgreiinga.

Denne saka inneheld også fleire spesielle behov som talar for bygging av ei sikringshytte. For det første at tårnet ikkje bør brukast i vintersesongen grunna fare for frostsprenging i dei gamle veggane. For det andre at det mykje besøkte tårnet ligg svært vêrhardt til, og at det er langt frå folk. Då heile taket og delar av muren blåste av vinteren 2003 var det heldigvis ingen menneske i tårnet.

#### Tradisjonell byggeskikk på staden og tilpassing i landskapet

Forskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark seier at eit bygg skal være i tråd med tradisjonell byggeskikk på staden og tilpassast landskapet i området. Kulturminnerådgjevar Knut Åland ved Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner at ein ikkje så lett kan slå fast kva konkret som er "tradisjonell byggeskikk på staden" i dette tilfellet. Eit nytt tårn ved sidan av det gamle tårnet er kulturminnemyndet ikkje tilhengjar av. Han vurderte at eit ev nytt sikringsbygg burde ha ei utsjånad som gjerne kunne reflektere vår tid med ein ny form og godt materialbruk. Eit ev nytt bygg burde ikkje sjå ut som tårnet, men heller underordne seg kulturminnet og skilje seg tydelig frå det. Kulturminnemyndet har sett dei nye teikningane til Bergen turlag, og hadde ikkje motførestellingar til planane (nml § 8).

I konklusjonen i referatet frå møtet den 13.9.2013 vart dette skreve om plassering av eit sikringsbygg: *Bergen Turlag søker om å sette opp ei sikringshytte lenger bak og øst for tårnet, nede i forseinkinga i terrenget, for slik å tilpasse bygget betre til landskapet på området og ikkje konkurrere med tårnet. Sikringshytta bør også kunne byggjast ned i terrenget i bakkant av hytta og bruke forblending av stadeigen stein på ytterveggane for å vere meir i pakt med landskapet rundt, og anten nytte planketak, stein eller anna som ikkje skil seg frå landskapet rundt.*

I den gamle søknaden, med skissa av ei meir tradisjonell sikringshytte datert 4.12.2014, stod det at materialet til hytta skulle være tre, og dei ønskja å nytte forblending av gråstein på delar av bygningen. I den nye søknaden er det ikkje noe særskilt om materialbruk. På den eksisterande sikringsbua er det nytta planketak. Det er visstnok ikkje uvanleg at folk går opp på taket på den og sit og nyt utsikta derfrå. Ved vurderingar av takmateriale på ei ny sikringshytte bør det være solid (truleg ikkje takshingel?) i tilfelle taket framleis blir ein populær stad å krabbe opp. Sikringshytta må byggjast slik at den toler stor belastning og klimapåverknad over lang tid (nml § 12).

Her er perspektivskissa frå søknaden til Bergen turlag:




På biletet under kan ein sjå at toppen på tårnet og taket på sikringshytta ikkje er vesentleg forskjellige når det gjeld høgde, sett frå fotografens synsvinkel. Den eksisterande sikringsbua er tre meter høg, målt frå bakken og opp til takmønnet.



I planteikningane på den nye toetasjes sikringshytta er høgda om lag fem meter høg, frå golv til tak. Dette vil, etter nasjonalparksekretariatet sine utrekningar, resultere i eit bygg som er to meter høgare i terrenget enn den eksisterande sikringsbua er i dag. Det stemmer ikkje med perspektivskissa til arkitekten.

På bileta under kan ein sjå kor høg ei ny sikringshytte vil bli dersom den vert bygga på bakkenivå. Toppen av stigen viser fem meters høgde.



Nasjonalparkforvaltar meiner at sikringshytta ikkje bør stikke meir opp av terrenget enn den eksisterande sikringsbua gjer i dag. Då vil den nye sikringshytta være betre tilpassa

landskapet i området. Ein skal kunne sjå horisonten og fjella frå Skålatårnet. Ei altfor høg sikringshytte vil kunne skape ein «vegg» framfor tårnet, noko som vil redusere verdien til både kulturminnet og folk si oppleving av området (nml § 9). Dette kan Bergen turlag få til ved å bygge sikringshytta godt ned i bakken.



Alternativet for Bergen turlag, viss det er praktiske hindringer mot senking av hytta i terrenget, ville måtte være å trekke den nye sikringshytta noko lenger bak og austover. Dersom den vert trekt minimum 20 meter mot aust/nordaust vil den ikkje dominere horisonten like mye. Då vil den eksisterande sikringsbua måtte fjernast.

Eit tredje alternativ for å tilpasse sikringshytta betre til landskapet ville være å ha sikringshytta berre på eitt plan, og såleis utelate hemsen frå det ferdige bygget. Då vil forma på hytta bli ein heilt anna, det vil truleg ikkje bli like robust mot vær og vind, og heller ikkje utnytte plass og overskotsvarme som det gjer i dag.

#### Andre omsyn

Ei viktig vurdering kring ny sikringshytte på Skåla er faren for auka behov for motorisert ferdsel. Det vil sjølvstakt være eit stort behov for flyging av material i byggeperioden, dette skal Bergen turlag søkje om i god tid før byggearbeidet begynner. Den samla belastninga av støy og uro frå helikopter vil vere merkbar i byggeperioden, men forvaltninga vurderer dette som tolbart i ei avgrensa periode (nml § 10). Det er eit mål i Jostedalsbreen nasjonalpark å holde nivået på den motoriserte ferdsla så låg som mogeleg. Ei ny sikringshytte vil trenge ved, gass og proviant som på dagens nivå. Ein framleis status som sjølvbetent hytte (nml § 10) vil hindre behov for vin, øl og brus (som mange betente hytter har tilbod om), noko som vil føre til ei vesentleg auke i behov for helikopterfrakt (nml § 12).

Ein byggjeprosess vil medføre ein god del søppel, men grunna dyr transport reknar vi med at materialane vert nytta til det fulle. Byggeavfall på handsamast på ein forsvarleg måte (nml § 12). Reint trevirke kan nyttast som brensel i omnen, og resten må flygast ned og leverast til godkjent mottak (nml § 11). Ureining og forsøpling er forbode i nasjonalparken, jf verneforskrifta.

Avløp frå kjøkken og ev. vaskerom er omsøkt lagt i eit rør med fall mot sør. Det bør leggjast såpass langt ned i bakken at det ikkje er synleg. Det er snakk om ganske små mengder med flytande materiale, då vatn vert laga frå smelta snø og samling av regnvatn. Toalettavfall skal fraktast vekk med helikopter når det har kompostert seg/reduert seg i volum (nml §§ 9, 11 og 12).

Nasjonalparkforvaltaren meiner vi har eit relativt godt kunnskapsgrunnlag (nml § 8) for å vurdere søknaden frå Bergen turlag. Det er ikkje registrert særskilt viktig biologisk mangfald på den omsøkte plasseringa, eller i området rundt. Kulturminnemyndet har uttalt seg ved fleire høve om saka.

Fordi ivaretaking av tårnet er ein vesentleg årsak til byggjeløyvet, skal Bergen turlag vise fram ein plan/strategi for korleis dei tenkjer at tårnet skal stengjast av i den kalde årstida (nml § 9). Det har vore omsnakka å anten låse ytterdøra på tårnet, eller berre å hengje ei hengelås på omnsdøra inne på tårnet. Uansett kva Bergen turlag konkluderer med, er det viktig at nøkkelen er tilgjengeleg i tilfelle krise i sikringshytta. Nasjonalparkforvaltninga ønskjer likevel å understreke at sikringshytta ikkje automatisk skal føre til ei dobling av kapasiteten på overnattinga (nml § 10).

### Konklusjon

Det er naudsynt med ei god sikringshytte på Skåla. Auken i tal turgåarar både sommar og vinter er positivt for naturoppleving, folkehelse og lokalt næringsliv i Loen og Stryn. Nasjonalparkstyret har allereie tilrettelagt for auka bruk av området gjennom Skålastien. Ei sikringshytte vil auke tryggleiken til turgåarane og sikre tårnet for skadar. To av tre verneføremål for Jostedalsbreen nasjonalpark er relevante i den overordna vurderinga; både høve til friluftsliv og ivaretaking av kulturminne.